

Hengjer oss på i beste-tevlinga**30.10.2011**

**Vil du vera med, så heng på!
Det er eitt av mange gode sitat frå eventyra og no tek vi
det bokstaveleg,
Kvinnheringen har i gang ei spennande og artig tevling
og uskedalen.no vil gjerne hengja seg på.
Saman med lesarane skal Kvinnheringen kåra det beste
Kvinnherad har å by på innanfor 6 kategoriar. Vi vil
gjerne vere med og kåra det beste Uskedalen har å by på
som eit ledd i kommunetevlinga.**

Send difor forslag også til oss når du sender til beste@kvinnheringen.no eller på SMS med kodeord BESTE til nummer 2087. Til oss brukar du som vanleg uskedalen@knett.no, telefonnummeret vårt eller kontakt-rubrikken.

Men det hastar, forslaga må vera inne før kommande veke er slutt

Kategoriane blir då:

- *Beste uskedeling
- * Beste turmål i Uskedalen
- * Beste bil i Uskedalen
- * Beste etestad i uskedalen
- * Beste eldsjel i Uskedalen
- * Beste butikk i Uskedalen

Uskedalen bør ha gode moglegheiter til å nå opp i kommunetevlinga i opptil fleire kategoriar.
Hvis Uskedalen vinn i ein kategori, lovar vi ei stor overrasking

TIL LUKKE MED KVIKKE INNSPEL!
Redaktøren